

Nr 1  
2. mars 1976

UTGITT AV  
NORGES KOMMUNISTISKE  
STUDENTFORBUND  
TDH/BØ

BIT ENDA BETRE  
REIDSKAP I  
KLASSEKAMPEN

Avisa til NKS  
ved TDH kjem  
no i ny og en-  
dra utgåve.

Sjå leiår

KINA'S UTEN-  
RIKSPOLITIKK:  
PRO-IMPERIA-  
LISTISK?

Kina's uten-  
rikspolitikk er  
gjenstand for  
hard kritikk fra  
revisjonistane.  
Dei kjem med  
tradisjonelle  
Moskva-argu-  
ment som at ut-  
enrikspolitikk-  
ken er pro-im-  
perialistisk og  
berre tener re-  
aksjonære regi-  
mer.

Meir om dette  
på side 9

PRINSIPP-PRO-  
GRAMMET TIL  
DHL

Til helga skal  
det vere lands-  
møte i DHL.  
Av viktige sa-  
ker som skal  
opp er nytt  
prinsipp-pro-  
gram for DHL.  
Hovudoppgava  
til eit slikt  
program må ve-  
re å taka vare  
på studentane  
sine interes-  
sar. Side 11

# VÅR ÅKEMPE

## 1. MAI:

### KAMPDAG OG GRADMÅLAR PÅ KLASSEKAMPEN

Sidan 1. mai vart inn-  
stifta i 1889 har meininga  
med dagen vore å markere  
styrken og einskapen i den  
progressive rørsla.

Dei borgarlege arbei-  
darpartia markerar dagen  
som ein rein festdag. Dei  
meiner at det ikkje er  
grunnlag for klassekamp i  
Norge i dag.

Opp mot klassesamar-  
beidslina og partimarke-  
ringa til sosialdemokra-

tiet har Rød Arbeiderfront  
og Fagleg 1.mai Front-toga  
atleast 1.mai som ein  
kampdag. Desse toga har  
einskap på klassekampen sin  
grunn som hovudparole.

Fagleg 1.mai Front i Bø  
vart stifta 9.febr. etter  
initiativ frå ein breidt  
samansett komité. På det-  
te møtet vart det vedteke  
at fronten skal byggje på  
reservasjonsrett og ein-  
skild medlemskap.

Side 3,4,5,6 og 12

## STØTT KVINNE - KAMPEN 8. MARS

Så lenge den organi-  
serte kvinnerørsla har ek-  
sistert, har det vore kamp  
mellom ei line som tener  
borgarskapet og ei line  
som tener arbeidarklassa.

Parolar og apellar den-  
ne dagen avslører kva for  
ei line i kvinnekampen  
som er i frangang.

Overproduksjonskrise  
som vi er inne i no, slo  
fyrst ut i typiske kvin-  
neindustriar. Seinare har

krise spreidd seg til hei-  
le industrien, og tenden-  
sen har vore klår over alt:  
kvinnene må gå fyrst.

Se side 7



## ET ENDA BEDRE REDSKAP

"Den revolusjonære politikken må ikke bare gøres kjent blant lederne og kadrene innen den kommunistiske bevegelsen, men også blant de brede massene". (Mao Ze-dong) - For at dette skal skje må det utvikles et skikkelig informasjonsapparat.

Her i Bø har NKS i de siste åra gitt ut "Ei Ny Tid Er I Emning". Starten var fæmlende, men avisa nådde likevel fram. I dag har vi kommet fram til ei solid og bra avis med et ganske variert innhold.

Når vi nå har gått til nye forandringer er det fordi vi mener avisa kan utvikles enda lenger. Den skal bli et enda bedre redskap i kampen.

Det har lenge vært missnøye med navnet på avisa, det har vært for langt og lite passende som navn på et informasjonsorgan. Det nye navnet "Våg Å Kjempe" peker rett inn i dagskampen. Aktivitet er nødvendig for å komme videre. Den som ikke våger å kjempe kan ikke regne med å få resultater. Uten kamp - ingen seier!

Hvorfor trenger vi egentlig ei kommunistisk avis? Et grunnleggende prinsipp i marxismen-leninismen er å gjøre massene i stand til å kjenne sine egne interesser og forene seg for å kjempe for disse. Avisenes rolle og makt ligger i å bringe kommunistisk teori og politikk, oppgaver og arbeidsmetoder ut til massene på en rask og effektiv måte. Avisene skal gjenspeile massekampene og tale for massene.

Den kommunistiske pressa har gjort store framskritt i de siste åra. "Klassekampen" har vist sin berettigelse og den kommer nå to ganger i uka. Lokalt lages det småskriv og publikasjoner for å dekke hendinger det ikke er plass til i et landsorgan. Denne utviklingen lar seg nå ikke stoppe.

Hva har vi i NKS lært i løpet av den tida vi har drevet med "Ei Ny Tid Er I Emning"? - For det første har vi innsett nødvendigheten av å komme ut med stoff, kommentarer og analyser. Vi har også fått bedre kontakt med og oversikt over massene. Av praktiske erfaringer kan en oppsummere nødvendigheten av skikkelig utseende - god lay-out. En god politikk vil ikke nå ut til mange dersom den blir framsatt på en lite innbydende måte.

Alt dette er imidlertid ting som vi fortsatt må jobbe med. For å utvikle avisa videre trenger vi imidlertid reaksjoner fra leserne. Reaksjoner både på innhold og utseende.

Etterhvert bør det kunne utvikles en to-veis kontakt. Du som leser avisa bør komme med egne innlegg og spørsmål. Dette skaper aktivitet og større interesse for politikken. Det kan dessuten være med på å løse motsigelser og missforståelser som er ute og går blant folk. Innlegg kan leveres på oktober-standen eller direkte til en av NKS'erne.

FRAM FOR EI GOD AVIS

FRAM FOR ET GODT REDSKAP I DEN KORTE OG LANGSIKTIGE KAMPEN

FRAM FOR EN STYRKING AV DEN REVOLUSJONÆRE BEVEGELSEN

1. MAI -

# ARBEIDARKLASSA SIN KAMPDAG

Den 2. Kommunistiske Internasjonale under leiding av Engels vedtok at 1.mai skulle vere den internasjonale arbeidarklassa sin kampdag. Dette skjedde i 1889. Meininga med dagen var å markere styrken og einskapen i den progressive rørsla. Den har med rette blitt kalla ein gradmålar i klassekampen.

## DEI TO LINENE STÅR STEILT MOT KVARANDRE

Dei fyrste åra blei streikar og demonstrasjonar møtt av det borgarlege valdsapparatet, og det blei blodige samanstøytar.

Oppportunistane gjekk mot kamplina for å tekkje borgarskapet. Det er illustrerande at dei i Tyskland foreslo å flytte markeringa til fyrste sundag i mai og berre arrangere møte om kvelden, ikkje demonstrasjonstog.

Denne ideen har det norske sosialdemokratiet meir eller mindre gjort til sin eigen - når dei ikkje kunne flytte dagen til ein sundag, prøvde dei å gjere sundag ut av han.

Dei borgarlege arbeidarpartia markerar dagen som ein rein festdag. Dei meiner at det ikkje er grunnlag for klassekamp i Norge i dag. DNA og LO-leidinga manar til solidaritet og kamp mot "ekstremistane" til høgre og venstre.

Kommunisthets blir nytta for å splitte einskapen i kampen mot monopolkapitalen. Dei store gruppene av småbønder, fiskarar arbeidarar og studentar har felles interesser, men blir sett opp mot kvarandre.

## RABIATE UTSPEL

Det siste og mest rabiante utspelet kom frå DNA-sekretæren I.Leverås. Han prøva å knekke streikekampene ved å så misstru til streikestøttekomiteane.

Desse skuldingane kom tydelegvis særst passande også for SV. Under ei innsamling til dei streikande Jøtul-arbeidarane nekta fleire SV'arar å gi bidrag med grunngjevinga at pengane ikkje ville kome fram. Dei ville berre lande i partikassa!

At ein heller vil gi pengar gjennom andre kanalar er greit, det er saken som teller - ikkje kven som tar inn pengane - berre dei kjem fram. Men at SV trur på Leverås og kjøyrer denne hetsen vidare, syner berre kva for ei lin dei står på.

Desse og andre utspel kjem ikkje tilfeldig. Den progressive rørsla blir stadig sterkare og avsløringane av DNA og SV sin falske arbeidarpolitikk blir klar for stadig fleire folk.

## MOTVEKT

Opp mot klassesamarbeidslina og partimarkeringa til sosialdemokratiet har Rød Arbeidarfront og Fagleg 1.mai Front-toga attreist 1.mai som ein kampdag. Desse toga har einskap på klassekampen sin grunn som hovudparole for dagen. Pålet for desse toga har vore å markere einskapen og breidda i kampen for folket sine interesser.

## DEN ØKONOMISKE KRISA OG TARIFFOPPGJØRET

Norge er inne i den hardaste økonomiske krisa sidan krigen. I desember var det reigstrert 36 000 utan arbeid. Det reelle talet er mykje høgare!

Grunnlaget for krisa blei lagt under høgkonjunkturen i 1973-74. Monopola investerte i dei mest lønsame næringane for å auke profitten, og la ned mindre lønsame industrier. Det ble stor produksjon innan visse næringar - overproduksjon. For å sikre profitten auka lagra og permiterte arbeidarane.

Dei enorme investeringane i oljeindustrien har gitt utslag i overproduksjon av plattformar til oljeboring, og av forsyningskip. I Stavanger vil meir enn

700 arbeidarar bli sett på porten om det ikkje kjem inn fleire tingingar på plattformar. Omlag 300 er alt oppsagde.

I Åndalsnes blir 150 arbeidarar frå Norwegian Contractors sparka.

Andre næringar som er hardt ramma er treforedling, tekstil og konfeksjon, og næringsmiddelindustrien. I desse næringane er arbeidsløysa størst. Berre kamp mot monopolkapitalen og krisa kan trygge arbeidsplassane og interessane til arbeidsfolk. Arbeidarane ved Orkla Sag har synt at kamp nytter i krisetider.

### NEI TIL KRISEFORLIK

Kva gjer DNA-regjeringa og LO-leinga i ein slik situasjon? Kjempar dei på sida til arbeidarane - ikkje berre i ord, men også i handling? - Nei, dei gjeng saman med kapitalen, dei kjempar innbitt for å berge profitten til monopola og velte børne av krisa over på arbeidsfolk.

Metodane er for det fyrste det samordna tariffoppgjeret kombinert emed innbrep frå staten (Skånland-utvalet inn bakdøra). Dette vil føre til at arbeidsfolk sjøl må betale tariffoppgjeret gjennom skattar og avgifter.

For det andre kjemper DNA og LO-leinga for å splitte progressive arbeidarar frå resten av arbeidarklassa. Suspendasjonane av styret i Sosiale Etaters Forening, oppseiingar ved Tiger, Hæmmerverkdomen og Leverås sine løgner er døme på dette.

Dette er ikkje ein politikk som tener arbeidarklassa sine interesser. Kan arbeidsfolk og progressive gå i 1.mai-tog med dei som står i spissen for desse åtak?

Den progressive rørsla må syne si kraft gjennom eit tog som møttar seg mot klassesamarbeid, eit tog som bygger på ein-skap på klassekampen sin grunn!

### KAMP MOT DEI IMPERIALISTISKE SUPERMAKTENE USA OG SOVJET

Den almenne krisa skjerpar seg. Dette skjerpar også motseiingane mellom dei rivaliserande supermaktane USA og Sovjet. Dei kjempar ein innbitt kamp om marknader og råvarer. Nykolonialismen skjer både djennom åpen krig som i Angola, der frigjeringsrørslene blir sett opp mot kvarandre og ved økonomiske avtalar.

Sovjet er ein supermakt i ekspansjon PÅ KOSTNAD AV USA. Historia har synt at den ujamne utviklinga i kapitalismen må føre til krig. Medan supermaktane talar om fred og avspenning, rustar dei opp og førebur seg på ein 3. verdsomfemmande omfordelingskrig. Vi må avsløre pratet om fred, ta klar stilling mot både supermaktane og stille oss solidarisk med dei undertrykte folka i verda.

Folka i den 3.verda er drivkrafta i kampen mot supermaktene. Det blei i fjor retta harde slag mot imperialismen. Kambodsja og Vietnam synte veg for dei undertrykte folka i verda då dei kasta USA-imperialismen på sjøen. Råvarekartell og samarbeid truger dei imperialistiske monopola innan m.a. olje og kopar, fleire land utvida fiskerigrensa til 200 nautiske mil.

Desse døma syner at kamp nyttar, og erfaringane har også synt kor viktig solidaritet med dei som kjempar er. På 1.mai må vi syne full støtte til frægjeringsrørslar i Vest-Sahara, Aust-Timor og Palestina. Island si rettferdige kamp for 200 mil fiskerigrense må støttast. Samstundes må vi sjølve kjempe mot imperialismen gjennom krav om 200 mil grense for Norge også.

FAGLEG 1.MAI - FRONT I BØ  
 EIN BREIDT SAMANSETT KOMITE  
 TOK INITIATIV TIL STIFTINGA

Dei 4 siste åra har 1. mai i Bø vore markert med raudt demonstra-  
 sjonstog og tale framfor Heradshuset. I fjor blei den politiske p  
 plattform støtta heilt eller delvis av ein rekke organisasjonar:  
 FRAM-radikalt studentforum ved TDH, NTL avd. 108/36, Fritidssenter-  
 aksjonen i Bø, Studentforeninga ved TDH, Kvinnefronten, NKS, Raud  
 Ungdom og AKP (ml) i BØ. Det var omlag 90 personar som trossa  
 regnet og vinden og gjekk i toget, medan over 100 møtte fram på  
 festen på Sandvin om kvelden.

Markeringa av 1. mai vil i år som i fjor grunne seg på ei klas-  
 sekamp-line. Einskaper i folket sin kamp mot monopolkapitalen skal  
 markerast. Både dei viktigaste dagskrava og det langsiktige målet  
 - sosialismen - skal vere med.

Fagleg 1. mai Front vart  
 stifta 9. februar etter initia-  
 tiv frå ein breidt samansett ko-  
 mite. På dette møtet vart det  
 vedteke at fronten skal byggje  
 på reservasjonsrett, einskild  
 medlemskap og at toget ikkje  
 skal ha partiseksjonar.

RESERVASJONSRETT

Reservasjonsrett er eit sær-  
 viktig prinsipp. Dette innebe-  
 rer at organisasjonar og ein-  
 skildpersonar kan slutte seg til  
 fronten utan å ta stilling til  
 alle parolane.

Det finst mange ulike orga-  
 nisasjonar som ikkje har tatt  
 stilling til sosialismen eller  
 kampen mot imperialismen. Desse  
 kan likevel drive aktivt klas-  
 sekamp og difor vere viktig å  
 få med i toget for å markere  
 breidda i kampen. Døme: Fri-  
 tidssenteraksjonen i Bø som i  
 3 år har organisert Bø-ungdom  
 til kamp for ein stad å vere.  
 Andre døme er studentforeninga  
 ved TDH, fagforeningar osv.

Reservasjonsretten gjer det  
 mogleg for slike organisasjonar  
 å delta utan at dei bryt med det  
 politiske grunnlaget sitt.  
 Dette er den einaste måten å  
 sikre demokratiet og sjølvsten-  
 det til organisasjonane. For  
 at reservasjonsretten ikkje skal  
 verte formell, er toget delt  
 inn i seksjonar etter hovudpa-  
 rolane.

HOVUDPAROLAR FOR TOGET

- Initiativkomiteen har lagt  
 fram dette forslaget til hovud-  
 parolar for 1.mai-toget:
- \*KAMP MOT ARBEIDSLØYSE OG DYRTID
  - \*KAMP MOT DNA-REGJERINGA OG LO-  
 LEINGA SITT KRISEFORLIK MED  
 MONOPOLKAPITALEN
  - \*STYRK KAMPKRAFTA TIL FAGRØRSLA  
 -KAMP MOT KLASSESAMARBEID
  - \*FORSVAR DEI DEMOKRATISKE RETTANE  
 -AVVIS KLASSEDOMEN I HAMMERVERK-  
 SAKA
  - \*KAMP MOT AVFOLKING OG SENTRALI-  
 SERING - ARBEIDSPlassar DER FOLK  
 BUR
  - \*KAMP MOT DEI IMPERIALISTISKE  
 SUPERMAKTENE USA OG SOVJET
  - \*FORSVAR NORSK SJØLVRAÐERETT -  
 200 MIL NO
  - \*KNUS FASCISMEN I SPANIA - FULL  
 STØTTE TIL FRAP OG ETA
  - \*FORBOD MOT NAZIPARTIET NORSK  
 FRONT
  - \*KAMP MOT ALL KVINNEUNDERTRYKKING
  - \*KAMP MOT STATENS RASERING AV  
 UTDANNINGA
  - \*AVIS KOMMUNENS UTHALINGSTAKTIK  
 - FRITIDSSENTER NO
  - \*FORSVAR DIALEKTANE OG NYNORSKEN  
 - FRAM FOR DEN FOLKELEGE KUL-  
 TUREN
  - \*FOR EIT SOSIALISTISK NOREG -  
 BERRE FOLKET SIN EIGEN KAMP  
 GJEV SIGER

NKS ved TDH sluttar fullt ut  
 opp om det politiske innhaldet i  
 parolane og oppfordar studentane  
 til å melde seg inn i fronten, ta  
 del i studiane, diskusjonane og  
 det førebunde arbeidet.

K V I F O R   S K A L   S T U D E N T A N E   A K T I V S E R E  
S E G   I   1 . M A I   A R B E I D E T

1. mai er arbeidarklassa sin kampdag, men for at arbeidarklassa sin kamp skal vinne siger, treng han stønad frå andre grupper og klassar i samfunnet, som småbønder, fiskarar og studentar.

Det store fleirtalet av oss studentar vil snart sjølve verte lønstakarar. Dei krava som arbeidarklassen set fram og kjempar for idag, vil få innverknad på situasjonen vår i framtida.

Einskapet mellom asrbeidar og student har vorte kraftig styrka siste året. Studentane ved TDH støtta økonomisk og politisk opp om arbeidsfolk sin kamp i haust. I fyrste rekke Hamnerverkarbeidarane, men og til dei oppsagde ved Tiger i Trondheim og til det suspenderte styret i Sosiale Etaters Fagforening. Vi bør markere denne støtta og solidariteten ved og stø opp om dei faglege parolane i 1.mai-toget.

#### STUDENTANE HAR OG EIGNE KRAV

I tillegg til å stø opp om arbeidarklassa sine krav, har studentane egne krav å markere 1. mai. Studentane sine interesser vert i dag utsette for harde angrep fra staten og monopolkapitalen. Utdanninga skal tilpassast det kapitalen til ei kvar tid treng. Det vil seie billig og fleksibel arbeidskraft.

DNA-regjeringa legg opp til ei beinhard rasjonalisering av utdanninga gjennom DH-systemet. Ved å auke det almenne nivået, bryte ned fagskilla og bruke meir felles undervisning, legg ein opp til ein hardare utnytting av lærarkreftene. Det almenne nivået gjer at ein ved omskolering og etterutdanning kan flytte arbeidskrafta til dei næringane det er mest profitt å hente for kapitalen.

Ved den totale avvisinga av st.meld. 17 i vår og boykotten av det regionale styret i år, har vi klårt vist kva vi meiner om staten sin utdanningspolitikk.

#### SITUASJONEN VED TDH

Ved TDH har Brenden og Styret sett utdanningspolitikken til Staten ut i livet. Sjølv om skolen var overfylt i fjor, vil

dei presse inn enda fleir studentar neste høst. (443 stud. i 75/76 mot 485 i 76/77) Auken i lærartalet samsvarar ikkje på langt nær med auken i studenttalet dei siste åra.

Plasstillhøva og dei sanitære tilhøva ved skolen vert ikkje vesentleg betre til neste år. Det vert heller ikkje hybelmarknaden som var sprengd i haust.

#### FORVERRA ØKONOMISKE KÅR

Levevilkåra våre har og vorte forverra dei siste åra. I fjor vart renta på studielåna heva frå 5,75% til 6,5% og stipendieandelen vert stadig mindre.

Auken i borteboar og grunnstipendet er på 9-11% medan prisstigninga er over 12%. Utdanninga vert med andre ord meir og meir kostbar for den enkelte.

Vi må kreve renta attende til -74-nivå og 40% stipendandel. Vi må halda fram med kampen mot staten si rasjonalisering av utdanninga.

Studentane har og reist kampen for retten til å tale dialekt og skrive nynorsk. Kampen for auka midler til nynorske lærebøker er ikkje på langt nær slutt.

#### KRAFTIG MARKERING 1.MAI

Som ein kan sjå har studentane mange krav og interesser å kjempe for. Vi har synt at hovudfienden til studentane er staten og monopolkapitalen. I kampen for våre krav har vi felles interesser med arbeidarklassa, fordi deira kamp rettar seg mot den same fienden.

Einskap studentar-arbeidarar er naudsynt for oss og farleg for monopolkapitalen. Forsøka på splitting er mange, som døme kan ein nemne Bjartmar Gjerdes påstand om at dersom studentane får gjennom sine krav, så vil eldre og

(Over til side 12)

# MÅL PÅ STYRKETILHØVET

Ein årviss kampdag som 8.mars vil alltid vere eit mål på korleis styrketilhøvet i klassekampen er. Parolar og appellar denne dagen avslører kva for ei line i kvinnekampen som er i framgang.

Så lenge den organiserte kvinnerørsla har eksistert, har det vore kamp mellom ei line som tener borgarskapet og ei line som tener arbeidarklassen.

I krisetider er det kvinnene som blir sparka først, først i typiske kvinneindustrier, seinare og i andre delar av industrien. Kvinner og menn må stå saman i kampen mot kapitalens herjingar for å redde lønsemda si. Ein må difor samla seg om den lina som tener arbeidarklassen. Ei line som går ut på å støtte og gå i spissen for kampen til arbeidarklassen i motsetnad til den lina som saboterar kampen under dekke av nokre venstrephraser.

## ARBEIDARKVINNA MOT BORGARKVINNA

Skillet mellom dei to linene såg ein klart allerede ved århundreskiftet då arbeidarkvinnene og kvinnesakskvinnene sto saman om røysterettskravet for kvinner. For arbeidarkvinna var dette ein del av klassekravet: Røysterett for alle, og det var ein sjølv-sagt ting for dei å støtte mennene frå arbeidarklassen som slåss for det same.

Dette fall kvinnesakskvinnene tungt. Kvinnesak og politikk må ikkje blandast, var omkvedet.

I 1898 vart almenn røysterett for menn innført. Kvinnesakskvinnene raste og meinte det var betre borgarkvinnene hadde fått røysterett i staden for mennene frå arbeidarklassen. At der var djupe klassemotsetningar innan rørsla som arbeide for kvinnerøysteretten, kom tydeleg fram. Ein annan lærdom arbeiderkvinnenekunne dra, var at klasseinteressene var sterkare enn "søstersolidariteten".

## SOLIDARITET MED KVEN?

Framleis er feminismens tome ord om "søstersolidaritet" høvelege våpen i monopolkaptalen sine hender. Når landets største kvinneorganisasjone - Kvinnefronten - vel å drive aktivt støttearbeid for dei oppsagde Hammerverkarbeidarane, i staden for å nytte tida til "bevisstgjeringskurs", er det klart

herskarklassen kulsar litt. Det er dette dei er redde for. At kvinner og menn av folket skal finne at dei har same undertrykkjarane, og at om dei skal byggje eit samfunn som tener dei-  
ra eigne interesser, må dei føre seig og ubroten kamp mot dei som i røynda er fiendar av folket.

I dag vil det seie at kampen må rettast mot monopolkapitalen og imperialismen. I så måte er folka i den tredje verda komne lengst, og vi har mykje å lære her i Noreg.

## KLASSEKAMP OG KVINNEKAMP

Frigjeringa og oppbygginga av det sosialistiske Kina eller dei nasjonale revolusjonane folka i Indo-Kina har gjennomført, er utenkelege utan kvinnene som aktive i kampen. Desse kvinnene har fått røynsler for at dei makta noko sjølve, men også for at frigjeringa deira ikkje kan lausrivast frå heile folket si frigjering.

Ein kan undre seg over kva desse kvinnene må meine om påstanden Torild Skard (SV) kom med etter at kvinnekongressen i Mexico vedtok ein resolusjon mot all imperialismen. I Orientering nr. 25 seier ho: "Men samtidig har kvinnens problemer forsvunnet noe slik at mange kvinner kan føle at deres vansker er blitt brukt for andre formål i stedet for å bli betraktet som viktige i seg selv. Skal en gå litt videre kan det bemerkes at man i

erklæringen er mer opptaatt av det urettferdige verdenssystemet enn av den urett mannssamfunnet (og mennene) begår mot kvinnene i hvert enkelt land".

Når kvinnene i Noreg skal støtte kampen til kvinnene i den tredje verda er det naturlig at støtta går til heile folket sin frigjeringskamp mot undertrykkjarar av begge kjønn.

Ein slik politikk kan sjølv sagt ikkje alle kvinner i Noreg gå med på. Frigjering frå imperialismen går mot klasseinteressene til kvinnene frå høgborgarskapet. Arbeiderkvinnene er sjølv offer for imperialsimen. Mykje av norsk industri er kontrollert av utanlandsk monopolkapital som let staten drive strukturrssjonalisering for seg medan store profittar går ut av landet. Ein del av denne utbyttinga er at kyststatar som t.d. Island og Noreg ikkje sjølv skal ha råderett over havressursane sine.

#### KVINNA SOM RESERVEARBEIDSKRAFT

Både for den norske og utanlandske monopolkapitalen gjeld visse økonomiske lover. Stadig jakt etter større profitt fører til overproduksjon. Lagra veks og for å sikre ein viss profitt også under slike tilhøve, går arbeidskjøparane til oppseingar og permitteringar. Såleis er arbeidsløyse innbygd i det monopolkapitalistiske systemet. Arbeidskrafta er ein ressurs som monopolkapitalen kan dra ut og inn av produksjonen etter som det er mest lønsamt.

Det er monopolkapitalen og deira stat som eig produksjonsmidla. Målet for dei er ikkje arbeid for alle og produksjon som tenor folkets interesser, men størst mogleg fortjeneste på alle område. At kvinnene føder born blir brukt som kjernepunkt i ein ideologi som bind kvinnene til barnepass og husarbeid og stenger dei ute frå produksjonen elles i samfunnet. Under høgkonjunkturar kan ein så lempe litt på dette, då er det utviklande for kvinna sin per-

sonlegdom å ha eit yrke utenfor heimen. Kvinnene er rett og slett reservearbeidskraft.

Overproduksjonskrise som vi er inne i no, slo fyrst ut i typiske kvinneindustriar. Seinare har krisea spreidd seg til heile industrien og tendensen har vore klår over alt: kvinnene må gå fyrst.

Vålerkvinnene var dei fyrste som tok kampen opp mot permitteringane. Arbeidskjøperane og LO klarte å splitte kvinner og menn ved Våler Skurlag, kvinnene vann ein delvis siger, men stod framleis fast på kravet om at ingen av arbeidarane skulle permitterast. Nettopp dette er det viktig å slå fast. Kvinner og menn må stå saman mot alle freistnader på kriseforligk.

#### SKJERPING I KRISETIDER

LO og NAF talar om å syne ansvar og varsemå i vanskelege tider. Samstundes gjer dei sitt beste for å splite arbeiderklassen og resten av folket. Like viktig for dei er det å isolere kampviljuge og klassemedvetne arbeidarar frå resten av klassen. For å oppnå det dei vil set monopolkapitalen seg i krisetider ut over sine egne lover.

Åtaka på dei demokratiske rettane har auka i takt med at krisea har skjerpa seg. Historia har lært oss at monopolkapitalen ikkje vegrar seg for å innføre eit ope fascistisk diktatur dersom han kjenner seg sterkt nok truga. Eit fascistisk styre inneber at arbeidarklassa misser streikevåpnet og at alle borgarleg-demokratiske rettar blir gjort til inkje. Dette i seg sjølv gjer at kvinnene må ta del i kampen mot fascismen. I tillegg har fascismen ein ideologi som er tvers igjennom kvinnefiendleg og som reduserer kvinnene til fødemaskinar. (Jamfør Hitlers slagord om "Kinder, Küche und Kirche").

# ER KINAS UTENRIKSPOLITIKK PRO-IMPERIALISTISK ?

Kinas utenrikspolitikk er (sjølsagt) gjenstand for hard kritikk fra revisjonistisk hold om dagen. Vi får høre Moskva-argumentene om at "Kinas utenrikspolitikk er pro-imperialistisk", "tjener reaksjonære regimer", "tjener Kinas statsinteresser" osv. Mange progressive blir forvirra av dette, en del av kritikken høres riktig ut. Men tar de da utgangspunkt i at verdens hovedfiender er USA og SOVJET? Tar de utgangspunkt i at frigjøring fra all imperialisme er betingelsen for revolusjon? Neppe. Dette er nøkkelen til Kinas utenrikspolitikk.

## DE FEM PRINSIPPENE

Det politiske grunnlaget for Kinas forhold til omverdenen av stater blei til ved Folkerepublikkens grunnleggelse.

Gjensidig respekt for den territoriale integritet og suverenitet, gjensidig ikke-agresjon, ikke-innblanding i hverandres indre anliggender, likeberrettigelse og gjensidig fordel og fredelig sameksistens.

Men samtidig har de gjort det klart at hovedsida med utenrikspolitikken til et sosialistisk land alltid må være å bekjempe imperialismen og støtte opp om frigjøringskamper.

I Kinas Kommunistiske Partis polemikk mot Sovjetunionens Kommunistiske parti formuleres det på følgende vis:

"Ingen må noensinne i den fredelige sameksistensens navn kreve at de undertrykte folk og nasjoner skal oppgi sine revolusjonære kamper.....Derfor er det galt å gjøre den fredelige sameksistensen til generallinjen i de sosialistiske lands utenrikspolitikk."

Kineserne har også gjort det klart at de ønsker diplomatiske forbindelser og handel også med de imperialistiske supermaktene USA og Sovjet, "de største internasjonale forbryterne og utsugetene i dag, og kilden til en ny verdenskrig." (Chou En-lai, 75)

## HVILKEN TAKTIKK ER DEN RIKTIGE I DAG ?

"Vi bør opprettholde proletarisk internasjonalisme og styrke enheten vår med de sosialistiske landene og alle de undertrykte folkene og de undertrykte nasjonene i verden slik at enhver støtter den andre. Vi bør alliere oss med de kreftene i verden som lar seg alliere, for å bekjempe kolonialisme, imperialism og framfor alt supermaktshegemonisme. Vi er rede til å opprette eller utvikle forbindelser med alle land på grunnlag av de fem prinsippene for fredelig sameksistens".

## HVILKE REGIMER HAR KRAV PÅ ANNEKJENNELSE?

Kineserne respekterer nøye folkerettens regler for annerkjennelse av et lands styre: Et regime som har kontroll over hoveddelen av landet ved hovedsaklig egne midler har krav på annerkjennelse. Internasjonalt er regimet legitimt.

Ut fra dette opprettholder kineserne diplomatiske forbindelser med f.eks. Chile, og de bryter ikke handels- og økonomiavtaler fordi om det har skjedd statskupp etter at avtalene blei undertegna. Chile skiller seg bare fra resten av Latin-Amerika & Afrika kun ved graden av vold og terror under og etter kuppet. De fleste land har i dag kupp-regimer. På det samme grunnlaget har Kina annerkjent MPLA-regimet i Angola, sjøl om de har tatt avstand fra

alle frigjøringsbevegelsenes rolle i borgerkrigen supermaktene klarte å få i gang.

#### HVORFOR DISSE PRINSIPPENE?

Så må vi spørre: Hvorfor denne praksisen? Hvorfor ikke markere avsky for åpne terror-regimer ved å bryte de diplomatiske forbindelsene?

Da må vi se på hvem som tjener på vilkårlighet og forbindelser etter skjønn. Betyr det noe om f.eks. Nederland eller Ceylon ikke anerkjenner et regime de ikke liker? -nei-

Hvem er det i så fall som har auktoritet og makt til å bestemme over anerkjennelse? Er ikke det supermaktene og blokkdannelsene? Hvem er det som i praksis kan bruke slikt diplomatisk press for å blande seg inn i andre lands indre forhold? Nettopp disse gruppene.

#### SUPERMAKTENE RESPEKTERER IKKE STATENES SUVERENITET

Vi ser at USA-med sin Kina-boikott, kupp-regimer og Vietnam-krig og Sovjet med sitt forsøk på å sulte ut Albania, Tsjekkoslovakia-okkupasjon og åpenlyse innblanding i Angola er de fremste til å krenke folkeretten. Med sine krigsflåter og hærstyrker er de i stand til å true hvilket som helst område på kloden med militærmakt.

Hvem tjener på at det sosialistiske Kina viser samme respektløshet for folkeretten, og bruker økonomisk og militært press for å få igjennom sin politikk? Den sosialistiske revolusjonen er og blir folkets eget verk, den kan ikke eksporterer med våpen og soldater. Kun erfaringsene - den politiske teorien kan overføres. Dette betyr ikke at en skal holde seg fra å støtte frigjøringskamper mot imperialismen med våpen og opplæring, men dette er noe annet enn å sette sine egne bajonetter i spissen.

(forts. side 12)

#### USA-LANDARBEIDERNE BER OM STØTTE:

BOIKOTT SUN-MAID  
OG SUNSWEET

Den amerikanske landarbeiderorganisasjonen UFW - United Farm Workers - har lenge kjempet for å få forhandlingsrett, noe de oppnådde ved en lov i fjor. En fikk i stand forhandlinger med produsenter av issalat, og etter press og sympatierklæringer fra arbeidere over hele verden kom en endelig fram til en avtale med tariff-festet minstelønn.

En rekke godseiere nektet imidlertid å gå med på tariffavtalen, og resultatet ble oppfordring til boikott av salat og druer som ikke var merket med ørnemerket - UFW's symbol. Ørnemerket ble satt på produktene til de godseierne som gikk med på tariffavtalen.

Boikotten fikk massiv støtte rundt om i verden, og hjalp landarbeiderne i kampen mot arbeidskjøperne.

#### UTVIDET BOIKOTT

Kampen mot godseiernes utbytting er imidlertid langt fra vunnet ennå, og det er nå sendt ut oppfordring til boikott av to nye firmaer - nemlig SUN-MAID rosiner og SUNSWEET svsker og tørket frukt.

Disse to firmanavnene representerer over 20 000 druedyrkere i California. Disse godseierne har stått fremst i kampen mot landarbeiderne og aktivt motarbeidet kravet om tariffavtalt lønn. Da boikotten av umerkede druer var på det hardeste vedtok disse godseierne å selge druene sine som rosiner for å unngå boikotten. De fikk derved reddet profittene.

UFW oppfordrer derfor folk til ikke å kjøpe SUN-MAID rosiner og SUNSWEET svsker. Det finnes nemlig alternative produkter fra andre firmaer å få kjøpt i de fleste butikkene.

# PRINSIPPROGRAMMET - DHL

Førstkommande helg skal det haldast landsmøte i Distriktshøgskulestudentane sitt landsforbund (DHL). Landsmøtet vert halde i Stavanger, der sentralstyret har sete dei to siste åra. Dei viktigaste sakene som skal handsamast er etter mi meining desse: Organiseringa av DHL i framtida, arbeidsprogram, tilhøvet til universiteta, fagkritikk og studiefinansiering. Eg vil i denne artikkelen ta føre meg prinsippprogrammet som går inn under punktet om organisering av DHL i framtida.

## DET NOVERANDE PRINSIPPROGRAMMET

Det prinsippprogrammet som ligg føre i dag, er etter mi meining for knapt. Det inneheld tre punkt: Formål, medlemskap og organisering. Det slår fast at DHL si hovudoppgave er å kjempe for studentane sine økonomiske, faglege, sosiale og demokratiske rettar. Om medlemskapen seier programmet at DHL skal vere en kollektiv medlemsorganisasjon. Vidare vert det forholdsvis detaljert skissera korleis DHL skal eller bør organiserast lokalt. Alle desse tre punkta er sjølv- sagde i eit prinsippprogram, men det er for lite. Til dømes må eit slikt prinsippprogram innehalda ei rettesnor for kva slag saker DHL kan og skal arbeide med. Vidare korleis ein i prinsippet skal arbeide, og til sist ei analyse av kven studentane må føre kampen mot og kven dei bør søke å alliere seg med.

## KVA MÅ PRINSIPPROGRAMMET MEIR KONKRET INNEHALDE?

Føremålet må vere at DHL skal vere ein interessekamporganisasjon med ein klar frontkarakter. Det vil seie den må ta opp i seg ulike syn på det norske samfunnet og vidare at ulike grupper må stå fritt til å propagandere sine synspunkt. Hovudoppgava må vere å taka vare på studentane sine økonomiske, faglege, sosiale og demokratiske rettar. Eg meiner medlemskapen i DHL må baserast på individuelt medlemskap i framtida. Eit av hovudproblema i DHL idag er mangelen på lokal organisering. Dette lammar organisasjonen på mange måtar. Grunnplanet og aktivistane må vere ei leiande kraft.

Individuelt medlemskap og eit aktivt grunnplan er óg med på å sikre demokratiet i organisasjonen mot pampeveldet. Vidare skal det ikkje vere stor grunn til å uvile på at medlemmer som har eit direkte forhold til ein organisasjon ved at dei sjølve har valt å slutte seg til han, vil fungere meir aktivt enn om dei var tilslutta utan eigenvilje. Sjølv sagt er ikkje ind. medl.skap noko alfa og omega for DHL, men eg meiner det er på tide å prøve noko nytt for å forsøke å få ein slagkraftig organisasjon. Røynslene frå liknande organisasjonar med ind. medl.skap tilseier at ein bør prøve. I ei overgangsfase må begge medlemskaps-tilknyttningane vere åpne. Det må også vere den einskilde skule som avgjer tilknytningsforma. Medlemskapen var eit av dei punkta som vekte kvass strid på siste allmøte. SV-arane gjekk imot å freiste individuelt medlemskap. Dette til tross for at dei både var med på å velje ein DHL-representant som gjorde det klårt at han gjekk inn for å freiste ind. medl.skap og at dei tidlegare stemte for eit forslag til nye lover som skulle gjere det mogeleg å freiste ind. medl.skap, skulle leggast fram for landsmøtet. Det skulle vere moro å høyre kvifor denne sninga ikkom så brått.

vidare  
P.g.a. plassmangel rekk eg ikkje å gå inn på prinsippprogrammet. Eg vil berre slå fast at det på siste allmøte kom fram motsætningar på kva som burde stå i prinsippprogrammet og kva som burde stå i arbeidsprogrammet.

STØ DEI STREIKANDE  
JØTUL-ARBEIDARANE  
MED PENGAR OG  
STØTTE-RESOLUSJONAR!

SV - LEDELSEN LEGG OPP TIL REGJE -  
RINGSTOG 1. MAI  
KVA VIL SV I BØ GJERE?

SV si hovedparole 1.mai "Enhet i kampen for arbeid til alle" passa godt inn i DNA sitt opplegg for 1.mai. I representatskapsmøtet i Oslo Samorg mandag 16. februar vart denne parola saman med DNA si parole "Trygghet for arbeid og inntekt" og "For fredelig sameksi-stens-stans kapprustningen" vedteke som grunnlag for samorg-toget i Oslo i år.

Bjørgulf Frogn (SV) sa at det politiske grunnlaget var godt, og at det bar bod om "enhet i kampen for sosialsimen".

Medlem i samorg-styret Rolf Dahl (NKP) meinte det var "det største resonnementet i norsk politikk i dag".

Det er full semje mellom SV DNA og NKP-leiinga om den politiske plattformen. Ei plattform som ikkje seier noko om kven det er som fører ein arbeidarfiendtleg politikk i Noreg i dag. Nemlig monopolkapitalen, DNA-regjeringa og LO-leiinga som rettar stadig hardare angrep mot arbeidar-klassa.

Eit tog på denne plattformen vert ei rein støtte til regjeringa og LO-leiinga og det kriseforliket dei legg opp til ved tariffoppgjeret.

Klassesamarbeidslina står i skarp motsetnad til arbeidar-klassa sine interesser og kan aldri verte grunnlag for einskap i arbeidar-klassa.

Einskap kan ein berre få på ein politikk som tener arbeidar-klassa - som står på klassekampen sin grunn.

NEI TIL REGJERINGSTOG 1. MAI

OVERGANGER OVERGANGER OVERGANGER O

KVIFOR SKAL STUDENTANE...

(forts. fra s.6)  
trygda verte ramna.

Mange studentar i 1.mai-toget vil vere ei kraftig markering av krava våre og eitslag mot dei som vil splitte ein-skapen i kampen.

stand innbyrdeskrig, i motsetning til supermaktene. Det er ikke det samme som at Kina ikke anerkjenner det regimet som kontrollerer Angola - MPLA. De fører ikke USA's og Sovjet's praksis - å ikke anerkjenne regimer de ikke liker.

KINAS UTENRIKSPOLITIKK...

(forts. fra s 10)

I Angola har Kina støttet alle tre bevegelsene, de har ikke uttalt seg om meningsforskjellene mellom dem. De var ikke ute etter å splitte frigjøringskrigen, de ønsket å støtte den væpna kampen mot imperialismen.

Etter fredsslutninga med Portugal sendte de ikke våpen eller ammunisjon til Angola, noe annet gjenstår å bevise.

Kina ønsket ikke å lage i

ABONNER PÅ "RØDE FANE"

Røde Fane er AKP (ml)s teoretiske tidsskrift. Det kommer med 6 nr i året, og bringer stoff om partiets politikk, analyser av klasseforholdene i det norske samfunnet, erfaringer fra den norske arbeidar-klassens historie, kommentarer til den internasjonale kampen mot imperialism og monopolkapital, diskusjon om de viktigste spørsmålene for venstresida i Norge i dag.

Årsabonnement koster kr 40,00